



Time kommune



**Planprogram for samfunnssdelen
Kommuneplan Time kommune
2022-2034**

vedtatt av Time formannskap 8. juni 2021

INNHALD

Kva framtid ønsker me?	2
Kva må me ta omsyn til	3
Visjon, verdiar og langsiktige mål	4
Saman skapar vi framtida	5
Berekraftige Time	6
Prioriterte berekraftmål	
Satsingsområde	7
1. Me skal gjera det i lag	
2. Gode kvardagsliv	
God oppvekst	
Aktive innbyggjarar	
Gode nabolag	
3. Bryne - byen på Jæren	
4. Saman mot eit grønare samfunn	
Utgreiingsbehov	17
Oppvekst - og levekår	
Evaluera Handlingsplan for	
lokaldemokratiet 2018-2020	
Overordna arealstrategi	
Mobilitetsstrategi	
Bustadstrategi	
Organisering av planarbeidet	18
Plan for medverknad	
Fremdriftsplan	19

Kva framtid ønsker me?

Planstrategien 2019-2023 for Time kommune er eit styringsdokument som beskriv kva utfordringar kommunen står overfor og kva planar kommunen treng utarbeida i perioden.

I denne planstrategien har kommunestyret vedteke at Time skal rullera samfunnsdelen av kommuneplanen. Arbeidet starta i 2020 og ny samfunnsdel skal leggast fram for kommunestyret i første halvdel av 2022. Dette arbeidet må følga plan- og bygningslova sine prosessreglar. Det vil mellom anna seia at det skal utarbeidast eit planprogram.


Samfunnsdelen som styringsverktøy

Kommuneplanen, med arealdel og samfunnsdel, er det overordna politiske styringsdokumentet i kommunen.

Samfunnsdelen tek stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunen som heilskap og kommunen som organisasjon over ein tolvårsperiode.

Samfunnsdelen sine to hovudperspektiv er kommunen som samfunnsutviklar og kommunen som tenesteleverandør.

Samfunnsdelen er utgangspunkt for mål og tiltak i andre kommunale planar. Prioriteringar og satsingsområde i samfunnsdelen skal legga føringar for mål og tiltak i den fireårige økonomiplanen til kommunen. Økonomiplanen er handlingsplanen til samfunnsdelen.



Kva er eit planprogram?

Hovudformålet med eit planprogram er å definera kva kommunen bør ta opp og prioritera i denne revisjonen av samfunnsdelen av kommuneplanen. Det seier også noko om korleis innbyggjarar og andre interessentar kan delta i arbeidet.

Kva må me ta omsyn til?

Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Desse forventningane skal leggast til grunn for kommunen sitt arbeid med planstrategi for perioden.

Regjeringa legg vekt på at me står overfor fire store utfordringar:

- Å skapa eit berekraftig velferdssamfunn.
- Å skapa eit økologisk berekraftig samfunn gjennom blant anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvalting.
- Å skapa eit sosialt berekraftig samfunn.
- Å skapa eit trygt samfunn for alle.

Regjeringa har bestemt at FN sine 17 berekraftmål skal vera det politiske hovudsporet for å ta tak i hovudutfordringane også i Norge. Det er derfor viktig at berekraftmåla vert ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga. Berekraftmåla skal sikra sosial rettferd, god helse og stansa tap av naturmangfald og klimaendringar.

Nasjonale forventningar har fire hovudområde:

- Planlegging som verktøy for heilskapleg og berekraftig utvikling.
- Vekstkriftige regionar og lokalsamfunn i heile landet.
- Berekraftig areal- og transportutvikling.
- Byar og tettstadar der det er godt å bu og leva.

Regjeringa forventar at kommunane planlegg aktivt for å motverka og førebygga levekårsutfordringar og bidreg til utjamning av sosiale forskjellar. Det er også ei klar forventning til kommunane at dei legg universell utforming til grunn i planlegging av omgjevnadar og bustadområde og tek i vare folkehelseomsyn i planlegginga.

Regionalplan for Jæren og søre Ryfylke er nyleg vedteken. Denne gjev føringar for kommuneplanlegging på ei rekke område. I denne planen er det definert at Time har eit regiondelsenter (Bryne) og eit lokalsenter (Kvernaland). Denne senterstrukturen gjev føringar for arealplanlegging i kommunen.

Time sin planstrategi presenterer hovudutfordringane framover. Stikkord her er arealbruk, demografisk utvikling og befolkningssamansetting og dei tre berekraftdimensjonane økonomisk, sosial og miljømessig berekraft.

Folkehelseprofilen til Time er eit anna statusdokument som viser kommunen sine utfordringar og som skal nyttast i arbeidet med samfunnsdelen. Kommunen har identifisert fem hovudutfordringar: psykisk helse barn og unge, innteksforskjellar, trygge skulevegar, eldreressursen og aktivitetsmangfald.

Time sin gjeldande samfunnsdel vart vedteken i 2015. Planen har sju temaområde, som alle fortsatt er aktuelle. Gjeldande plan er evaluert og ut frå evalueringa har det koma fram utviklingsområde som er viktige å ha fokus på i arbeidet med ny samfunnsdel. Planstrategien peiker særleg på tema som innovasjon, samskaping og digitalisering som satsingsområde i revisjonsarbeidet.

Visjon, verdiar og langsiktige mål

Visjonen til Time kommune er «Time kommune - trygg og framtidsretta».

Verdiane til Time kommune ansvar, engasjement og gjensidig respekt, ligg til grunn for arbeidet både politisk og administrativt.

Langsiktige mål:

- legga til rette for vekst i regiondelsenteret Bryne og lokalsenteret Kvernaland, styrka senterstrukturen på Lye og tilpassa utbygging på Undheim, samtidig som kommunen tek omsyn til jordvern, biologisk mangfald og kulturlandskap.
- at dei unge skal fullføra vidaregåande skule for vidare utdanning og arbeid. Dette handlar om å gje barn og unge der dei er, eit best mogleg utgangspunkt for meistra kvardagen og vaksenlivet.
- at innbyggjarar tek grep for å ha eit best mogleg utgangspunkt for å meistra kvardagen og alderdommen
- at barnefamilier synes det er attraktivt å bu og etablera seg i Time kommune.

FN viser til tre dimensjonar i berekraftig utvikling. For å skapa berekraftig utvikling må me jobba på tre område: «Økonomi», «Sosiale forhold» og «Klima og miljø». Det er samanhengen mellom desse tre dimensjonane som avgjer om noko er berekraftig. Time kommune sine sju utvalde berekraftmål danner grunnlaget for satsingsområda. På bakgrunn av desse skal det lagast hovudmål som går på tvers av tenesteområda, og som skal følgast opp i planar, strategiar og tiltak.



FN sine 17 berekraftsmål

Saman skapar vi framtida

For at Time skal vera ein god og berekraftig kommune å bu, leva og arbeida i, er det mange ting som må på plass:

- Gode og forsvarlege helsetenester
- God utdanning og livslang læring
- Arbeid for alle og økonomisk vekst
- Sikra bustadar, møteplassar, transport, trygge nærmiljø og grøne område

Alle kommunar, også Time, står overfor store og komplekse utfordringar som klimaendringar, strammare økonomiske rammer og endra befolkningssamansetting. Denne utviklinga utfordrer kommunen si berekraft, som vil seia kommunen si evne til å sikra at innbyggjarane får dekka nødvendige behov, utan at det går ut over kommande generasjonar. For å få dette til, må me arbeida og samarbeida på nye måter. Framover vil det vera nødvendig med nye og sterke partnarskap mellom ulike kommunar, eigen kommune og næringslivet, frivillige lag og organisjonar, og ikkje minst innbyggjarane. Klarer me dette, vil me saman skapa betre løysingar, auka deltaking og sterke fellesskap. I dette ligg det at me må gå frå eit innbyggjarperspektiv til å ha større fokus på medborgar-

perspektivet.

Timesamfunnet er fullt av ressursar. Folk har initiativ, energi og idear til korleis me kan laga ein endå betre kommune. Me veit at me må gjera ting på andre måter i åra som kjem, men me veit ikkje nødvendigvis korleis. Å omstilla kommunen frå å vera tenesteleverandør til å i større grad vera ein partner i tenesteutviklinga krev både fagleg og kulturell utvikling i eigen organisasjon.

Ei viktig utfordring er derfor å sikra at Time kommune som organisasjon er skodd til å arbeida heilskapleg og på tvers av sektorar mot felles mål. Kommunen må utvikla nye måter å arbeida på slik at me nyttar personalressursane betre og vert i stand til å handtera oppgåver der verkemidla og innsatsen frå ulike verksemder vert sett i samanheng.



Vardheia ungdomsskule

17 SAMARBEID FOR Å NÅ MÅLA



Berekraftmål nr 17: «Samarbeid for å nå måla», er eit av dei sju utvalde berekraftmåla i Time kommune. Dette målet vert eit av satsingsområda i ny samfunnsdel og vil fungera som ei overbygning over dei andre satsingsområda.

Berekraftige Time

FN sine berekraftsmål er verda sin felles arbeidsplan for å utrydda fattigdom, bekjempa ulikskap og stoppa klimaendringar innan 2030. Mange av måla er oppnådde her i Norge, men nokre gjenstår. I tillegg er det viktig å «tenka globalt og handla lokalt» i fleire saker.

Time kommune ønsker å bygga samfunnsplanlegginga på FN sine berekraftsmål gjennom ei prioritering av dei mest relevante berekraftsmåla inn i kommuneplanen sin samfunnsdel. I arbeid med nye temaplanar og strategiar skal det tas utgangspunkt i desse prioriterte måla og konkretisera og aktualisera dei for dei ulike tenestene i Time kommune. Prioriterte berekraftmål er vedtekne av kommunestyret i februar 2021.

Berekraftmåla vil utgjera ramma for den kommunale planlegginga i kommuneplanperioden 2022-2034


Prioriterte berekraftmål



“Sikra god helse og fremja livskvalitet for alle, uansett alder”



“Sikra inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremja moglegheiter for livslang læring for alle”



“Fremja varig, inkluderande og berekraftig vekst, full sysselsetting og anstendig arbeid for alle”



“Gjera byar og samfunn inkluderande, trygge, robuste og berekraftige”



“Handla umiddelbart for å bekjempa klimaendringane og konsekvensane av dei”



“Verne, gjenopprett og fremja berekraftig bruk av økosystemet, sikra berekraftig skogforvaltning, kjempa mot ørken-spreiing, stansa og reversera landforringing samt stansa tap av artmangfald

Satsingsområde

1. Me skal gjera det i lag

17 SAMARBEID
FOR Å NÅ MÅLA



Saman skaper vi framtida

Me står ovanfor store og komplekse samfunnsutfordringar som auka digitalisering, klimaendringar, større ulikskapar blant innbyggjarane og stramare økonomiske rammer. Dei komplekse utfordringane me står framfor vil ikkje kommunen klara å løysa åleine. Berekraftmål nr. 17- «Samarbeid for å nå måla» må derfor danna grunnlaget for korleis me tenker og planlegg i vidare utvikling av kommunen og Timesamfunnet.

Endra demografi, auka forventningar til sosiale velferdsytингar og vektlegging av innbyggjarane sine rettar medfører at forventningar ikkje kan innfriast innanfor eksisterande rammer. Evalueringa av eksisterande plan syner at leiarane opplever at krav til tenestane er større enn dei har rammer eller moglegheiter for å innfri åleine. Me må tenka nytt om korleis me kan utvikla Timesamfunnet, og kva som skal vera kommunen si rolle. Velferdssamfunnet må i større grad utviklast i eit samspele mellom innbyggjarar, frivillige lag og organisasjonar, næringsliv og kommuneorganisasjonen. Kommunen må utvikla seg frå å vera ein servicekommune til samskapande samfunnsutviklarar. I dei seinare åra er det etablert eit tett samarbeid med nabokommunar for å løysa komplekse oppgåver og utvikla meir robuste tenester. Det må leggast til rette for utprøving av samarbeidsformer på ulike arenaer.

Timesamfunnet har mange ressursar, kompetanse, idear og tankar om korleis kommunen bør utviklast framover.

Dei neste 12 åra skal me:

- Finna gode løysingar på behov som oppstår saman med innbyggjarar, frivillige lag og organisasjonar og næringsliv
- Gå frå å vera ein servicekommune til å verta ein samskapande kommune
- Vidareutvikla interkommunalt samarbeid
- Arbeida for at kommunen har kapasitet til utvikla seg i forhold til nye oppgåver
- Halda på, rekruttera og utvikla kompetente medarbeidarar
- Universell utforming og tilrettelegging for alle skal ligga til grunn i alle satsingsområda



2. Gode kvardagsliv for alle



God oppvekst

For å skapa ein god oppvekst for barna våre, krevst det at mange ressursar i Timesamfunnet jobbar saman. Eit afrikansk ordtak seier at «Det krevst ein heil landsby for å oppdra eit barn».

Barna våre skal ha lyst på livet og evne til å meistra det. Dette får me til gjennom god kvalitet i grunntjenestene, tverrfagleg samskapning mellom tenester som barnehage, skule, fritid og i nært samarbeid med barn og foreldre. Trygge foreldre er det viktigaste for barna i deira oppvekst.

Me er del av ei samfunnsutvikling der sosiale ulikskapar fører til at fleire opplever utanforskap. Kvardag- og arbeidsliv er påverka av digitalisering og endring som medfører at ein i stadig større grad må takla, tilpassa seg og stå i endringar. Dette medfører at den enkelte innbyggjar må vera i livslang læring for å ta del i samfunnsutviklinga. Fram i tid må 9 av 10 fullføra vidaregåande opplæring for å møta den demografiske utviklinga i Time og landet elles.

Samfunnstrenden er ei aukande individualisering der fokus er på kva rettar den enkelte har, meir enn kva rolle ein har som medborgar i eit felleskap. Dersom denne utviklinga held fram kan dette medføra eit samfunn som er prega av individualisme framfor fellesskapet. Forsking syner at inkludering og felleskap er den beste arenaen for læring og utvikling. Det er viktig at denne kunnskapen vert lagt vekt på i arbeidet med å utvikla tiltak for å ivareta barn og unge der dei er, slik at færre får behov for individuell oppfølging.

Dei neste 12 åra skal me:

- Arbeida systematisk og tverrfagleg med førebyggande tiltak på tvers av kommunalområda
- Arbeida med kva det vil seia å vera «Trygge foreldre» for ulike aldersgrupper
- Samhandla og legga til rette for møteplassar med fokus på inkludering
- Redusera talet på unge som opplever utanforskap
- Legga til rette for livslang læring



**4 GOD
UTDANNING**





Aktive innbyggjarar

God helse, livskvalitet og trivsel heng saman. Kommunen sitt folkehelsearbeid handlar om å fremja god livskvalitet for innbyggjarane. Dette inkluderer eit samfunn som fremjar god psykisk helse og har ei aldersvennleg innretning.

Me lever lenger, og det er behov for tilrettelegging for aktivitet og sosiale felleskap for barn, vaksne og eldre. Målet er å ta vare på forholdet til familie, vennar og sosialt nettverk og skapa gode opplevingar og møte på tvers av generasjonane. Me må alle ta grep for leva gode liv og leggja grunnlag for ein god alderdom.

Aktiv aldring handlar om at eldre vert rekna som ein ressurs i samfunnet, og at det vert lagt til rette for deltaking og medverknad.

For å sikra og vidareutvikla gode velferdstenester og ei berekraftig samfunnsutvikling, må me heile tida leita etter nye og betre måtar å løysa oppgåvene på. Samskaping og digitale løysingar vil vera ein naturleg del av arbeidet både for tilsette og innbyggjarar

Dei neste 12 åra skal me:

- Auka den digitale kompetansen både hos tilsette og innbyggjarar
- Skapa møteplassar på tvers av generasjonar
- Legga til rette for fysisk aktivitet og sosiale fellesskap i Bryne og i tettstadane
- Ta i bruk eldreressursen
- Nyttar frivilligheita som ein ressurs i nærmiljøet





Gode nabolag

Gode lokalsamfunn og nabolag har mykje å seia for livskvalitet og utvikling av sosiale netteverk. I Time vil me ha inkluderande, trygge og miljøvennlege lokalsamfunn. Korleis me utviklar byen og tettstadane våre har mykje å bety for helse og trivsel for innbyggjarane. Me skal alle kunne leva i sunne og inkluderande nabolag, som vi er stolte av og identifiserer oss med. Tilrettelegging og utvikling av særpreg, aktivitetar og opplevingar er med og styrker nabolaget og gjer det meir attraktivt å bu i og koma på besök.

God helse og livskvalitet vert skapt gjennom dei fysiske omgjevnadane og sosiale relasjonar me omgir oss med. Det er mange fellesnemnarar for kva som gir gode plassar å bu. Time vil planlegga for livskraftige nabolag der innbyggjarane har moglegheit for å oppfylle sine kvardagsbehov. God tilgang til kollektivtransport, tilrettelegging av snarvegar og gang-og sykkelstiar skal gjera det enkelt å koma seg til skule og barnehage, kultur - og fritidsaktivitetar og butikkar og servicetilbod.

Dei neste 12 åra skal me:

- Planlegga for nabolag som er tilpassa ulike aldersgrupper
- Fremja trygg og god mobilitet for mjuke trafikkantar
- Arbeida for god kollektivtransport mellom Bryne og tettstadane
- Arbeida for at innbyggjarane skal oppleva tryggleik i nærmiljøet
- Tilrettelegga for opplevingar og aktivitet i tettstadane
- Sikra medverknad i prosessar som påverkar nabolaget si utvikling



3. Bryne - byen på Jæren



Bryne har i Regionalplan for Jæren og søre Ryfylke 2050 fått status som regiondelsenter. I dette ligg det at Bryne kan utviklast med siktet på å verta eit senter for heile Jæren, og at regionale publikumsretta eller besøks-/arbeidsintensive funksjonar bør lokaliserast i Bryne sentrum.

Hovudstrategien i Time kommune sine kommuneplanar er å ha kompakte senter, ikkje minst på Bryne, med ein høg arealutnytting, kort veg til kollektivknutepunkt, fokus på auka tilrettelegging for miljøvennlege transportmidlar, og å få til eit sentrum med allsidige funksjonar i form av offentlege og private tenester, handel og ulike kulturtilbod, arbeids- og besøksintensive verksemder. Planane har fokus på korleis mjuke trafikkantar kan koma seg trygt til sentrum.

Utfordringar er at ei høg arealutnytting kan vera vanskeleg å kombinera med å få til ei variert befolkningssamansetting i sentrum, både når det gjeld alder og størrelse på hushaldninga. Utfordringa er også at ein ikkje klarer å sikra god bukvalitet for dei ulike befolkningsgruppene. I tillegg skal bustadane vera betalbare. Bryne som prioritert utviklingsområde, vil også ha utfordringar med å nå jordvernmålet om å redusera omdisponering av jordbruksjord.

Bryne som byen på Jæren, har ei klar rolle i regionen og vil trekka til seg besøkande utanfrå. Mange vil reisa med kollektivtransport, andre med miljøvennlege transportmidlar som el-bilar, el-syklar/syklar. Ein god parkeringsstrategi som støtter opp om ønska aktivitet i sentrum, som også tek omsyn til miljøvennlege transportmidlar, vil vera viktig. Samarbeid med private og handelsnæringa er avgjerande for å få den ønska utviklinga i sentrum.

Dei neste 12 åra skal me:

- Utvikla Bryne som regiondelsenter
- Knyta byen saman med grøne område og trygg mobilitet for alle
- Planlegga for bumiljø som er tilpassa ulike målgrupper
- Samarbeida med innbyggjarar, næringsliv og frivillige lag og organisasjonar for å nå måla



11 BEREKRAFTIGE BYAR OG LOKALSAMFUNN



4. Saman mot eit grønare samfunn



I ei grønare framtid har kommunen redusert klimagassutsleppa, energiforbruket er redusert og/eller dreidd mot eit grønare alternativ og natur og biologisk mangfald har stor bevaringsverdi. Dei naturlege føresetnadane som klima og jordsmon, er særskilt viktig i forhold til mattrøygleik i heile landet. I arbeidet med arealstrategien skal det utformast eit konkret jordvernsmål.

Opne bekkar og elvar er med på å skapa trivelege nabolag. Sikring av blågrøne område er eit viktig klimatiltak.

Kommunen har også til-passa seg klimaendringar som me veit vil koma.

I Time kommune utgjør utsleppa frå landbruket omtrent 3/4 del av dei totala klimagassutsleppa, medan utslepp frå trafikk utgjer om lag 1/5 del. Time kommune ønsker å ta ei rådgjevande rolle med å opplysa om og stimulera til eit landbruk med mindre klimagassutslepp.

Me skal bidra til å redusera utsleppa frå trafikk ved å legga til rette for miljøvennlege transportformer som kollektivtrafikk, gang-og sykkelvegar og elektriske bilar og syklar.

Som følge av klimaendringane, er det forventa størst utfordringar med flaum og tørke i Time. I landbrukskommunen Time må klimatilpassing ha fokus. På vegn mot eit grønare samfunn er det nødvendig å fremja berekraftig landbruk, ta vare på naturmangfaldet, sikra stabil sameksistens mellom ville plantar og dyr og menneskeleg aktivitet.

Kulturmiljø, som kulturminne og landskap, er viktige miljøressursar i et berekraftperspektiv. Dei har betydning for folks identitet, trivsel og tilknyting.

Kommunen som administrasjon kan bidra til at Time vert ein grønare kommune. Det handlar her om krav til innkjøp, miljøsertifisering, reduksjon av energiforbruket, klimavennlege bygg og å velja grøne, ikkje fossile energikjelder, med meir.

Dei neste 12 åra skal me:

- Legga til rette for minst mogleg transportbehov
- Stimulera næringslivet, kommuneorganisasjonen, innbyggjarar og frivillige lag og organisasjonar til å bidra til ei klimavennleg utvikling
- Redusera klimagassutslepp
- Setta i verk tiltak for å handtera klimaendringane
- Ta vare på naturmangfaldet og landbruksjorda i Time kommune
- Ta vare på naturlege vassvegar som opne bekkar og elvar, og sikra blågrøne område i byen og tettstadane
- Gjera det lettare å gå, sykla, reisa kollektivt og kjøre utsleppsfridd
- Ta vare på kulturminne, kulturmiljø og landskap



Utgreiingsbehov

Oppvekst – og levekår

Folkehelseundersøkinga 2020 er den første i sitt slag i Rogaland, og også i Time. Hovudfokus i undersøkinga er å få svar på korleis innbyggjarane har det når det gjeld livskvalitet, trivsel og eigenvurdert helse. I Time vart eit tilfeldig utval av innbyggjarar spurde digitalt via sms og e-post. Mest 1/3 av innbyggjarane, ca 6000, vart spurde og svarprosenten var på 49.

Funn og resultat frå Folkehelseundersøkinga 2020 vil verta brukte i arbeidet med revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel og gje viktige innspel til valde satsingsområde.

Evaluera handlingsplan for lokaldemokratiet 2018-2020

Handlingsplan for lokaldemokrati 2018-2020 skal evaluera. Sentrale punkt frå evalueringa skal vidareførast i samfunnsdelen.

Overordna arealstrategi

Gjeldande samfunnsdel har ikkje ein overordna arealstrategi. Nasjonale forventningar til kommunal og regional planlegging frå 2019 legg vekt på at samfunnsdelen skal innehalda ein arealstrategi. Den skal bidra til arealplanlegging som legg til rette for aktive kvardagsliv, aldersvennlege samfunn, grøntdrag og variert bustadbygging. Eit av tiltaka i Regionalplan for Jæren og søre Ryfylke 2050 er å fastsetta jordvernsmål for kommunen i kommuneplan, noko som vil vera ein sentral del av ein arealstrategi. Det er også behov for å vurdera ønske om bustadtettleik opp mot god bukvalitet i lokalmiljøet, jamfør regionalplanen.

Kommunen har ein areal- og foreningsstrategi, som del av utgreiingsgrunnlaget for arealdelen og som vil vera ein del av kunnskapsgrunnlaget for utgreiinga.

Mobilitetsstrategi

Evalueringa av gjeldande samfunnsdel viser at det har vore arbeidd godt med tiltak for å oppnå måla i dei ulike kapitla. Det er likevel ein synleg trend at mobilitet, altså det å bevega seg frå A til B, enten med sykkel, til fots eller med kollektivtransport,

er ei utfordring framover, også sett i eit klima- og folkehelseperspektiv. Det kan vera eldre som ikkje lenger kjører bil, barn og unge som er utrygge på skulevegen eller manglande kollektivtransport og manglande gang- og sykkelvegar mellom Bryne og tettstadane.

Det er behov for å utarbeida ein mobilitetsstrategi. Dette vil også støtta opp om handlingsplanen i Regionalplan for Jæren og søre Ryfylke 2050, der to av tiltaka som kommunane har ansvar for er: 1) definera sykkelnett i tettstadar og 2) definera gangvegnett i tettstadar og strategi/handlingsplan for gjennomføring. Nasjonale forventningar til kommunal planlegging er mellom anna at kommunen legg til rette for sykling og gange i byar og tettstadar, mellom anna gjennom trygge skulevegar og transportløyningar for grupper som er mindre mobile.

Bustadstrategi

Kommunen har nyleg vedteke ein Bustadplan for perioden 2020-2040. Planen handlar om kommunen sine behov for tilrettelagde bustadar for innbyggjarar med spesielle behov. Bustadplanen tek utgangspunkt i det som vert vurdert som heilt nødvendig for å sikra kommunen sine overordna mål om at alle skal bu trygt og godt i kommunen.

Den demografiske utviklinga syner at det vert fleire eldre i kommunen framover. Regionalplan Jæren og søre Ryfylke 2050 legg opp til at kommunane skal utarbeida ein bustadbehovsanalyse. Denne bør ligga til grunn for ein bustadstartegi. Ved revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel bør det derfor gjennomførast ein bustadbehovsanalyse med vurdering av eksisterande bustadtilbod opp mot bustadpreferanser og framtidig befolningsstruktur. Arbeidet bør koordinerast med kommunen sitt arbeid med Bustadplan 2020-2040. Som oppfølging av stortingsmelding 15 «Leva hele livet» har kommunane eit ansvar for å legga til rette for utvikling av framtidas bustadløysinger for eldre og personar med nedsett funksjonsevne.

Bustadstrategien vil vera eit viktig bindeledd mellom kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdelen.

Organisering av planarbeidet

Revisjonsarbeidet vert utført av ei administrativ prosjektgruppe, med fleire faglege undergrupper. Kommunedirektøren si leiargruppe er styringsgruppe for det administrative arbeidet.

Plan for medverknad

Gjennom arbeidet med samfunnsdelen til kommuneplanen for perioden 2022-2034 kan alle vera med å forma framtida til Time-samfunnet. Det vil vera mogleg å koma med innspel i ulike fasar fram til endeleg plan. I planprogrammet er det sett nokre satsingsområde. I høyringsrunden for planprogrammet kan ein koma med innspel på valde satsingsområde eller om ein ønsker at andre område bør prioriterast i arbeidet.

Undervegs i arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel vil det verta gjennomført ulike opplegg for medverknad. Covid-19 vil setta avgrensingar på kva type medverknadsopplegg kommunen kan legga opp til alt etter kva smitteverntiltak som til ei kvar tid gjeld.

I utarbeiding av samfunnsdelen gjeld formelle krav til medverknad i høve plan- og bygningslova. Barn og unge, frivillige lag og organisasjonar er eksempel på grupper det vil vera aktuelt å invitera til eigne medverknadsopplegg. Det kan vera aktuelt å ha både fysiske og digitale møteplassar.

Ein god planprosess føreset ei tverrfagleg og tverrsektoriell tilnærming. Organisasjonen Time kommune vil verta invitert til å gje innspel i høyringsfasen av planprogrammet og delta i arbeidet med utarbeiding av planforslaget.

Medverknad skal bidra til å auka kvaliteten på og sikra eigarskap til kommuneplanen sin samfunnsdel hos innbyggjarar, frivillige organisasjonar, næringsliv og tilsette. I den politiske behandlinga skal det syna korleis innspela er vurderte. Alle innspel og resultat frå medverknadsopplegg vert slik ein del av det samla kunnskapsgrunnlaget.



PLANLAGT FRAMDRIFT



Planstrategi 2019-2023
Mars 2020

OPPSTART OG PLANPROGRAM

Politisk oppstartssak
Mars 2020

Høyring av planprogram
Mars - mai 2021

Fastsetting av planprogram

UTARBEIDA PLANFORSLAG

2021

Arbeid med utgreiinger

Medverknadprosesser vart gjennomført

BEHANDLING AV ENDELEG PLANFORSLAG

Høyring av planforslag
Vinteren 2021

Fastsetting av planforslag
Våren 2022

ENDELEG PLAN VERT IMPLEMENTERT

